

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**870**] N-39592. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 49; 1990b:[43]; 1994c: 255.)

Innskrifta står på ein pinne som er avbroten i baa endar og tilskoren (som teljepinne?) med 7 hakk. Den bevarte delen er 106 mm lang, 13 mm brei og 9-10 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1976, felt FA, hovudfase 3. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast heilt attende til ein periode som strekkjer seg frå siste del av 900-talet til midten av 1000-talet.

Det er runer på ei side av gjenstanden. Pinnen må vera skoren til med hakk etter at runene er rissa. Toppen av alle runene er såleis spikka av og innskrifta tilsvarende problematisk å lesa. Ho er 72 mm lang, og dei bevarte delane av runene er gjennomgåande 10 mm høge. Av r. 1 er det berre att stav, kan henda med punkt; r.2 har stav og kvist ned til venstre og må utan særleg tvil kunna lesast som **n**. Den bevarte delen av r. 3 viser stav og nedre del av boge med kvist ned til venstre. Overgangen boge/kvist tangerer ikkje staven. Det synest såleis som om det her er tale om binderune **ar**, men ettersom runa berre er delvis bevart, kan det òg tenkjast at første del av binderuna har vore **o**. Etter det følgjer nedre del av tre snitt som kan vera stavar, men også stav + nedre del av boge som i **u**, her likevel talde som r. 4-6. Deretter følgjer storparten av ein temmeleg sikker **r** (r. 7) og så eit snitt som ikkje når heilt ned til grunnlina, kanskje ein **i**. Deretter, i botnen av eit av dei innskorne hakka i pinnen, følgjer eit snitt med eit tydeleg punkt. Slik det er plassert, kan det ikkje no avgjerast om det har vore eit ordskilje eller nedre del av ein punktert kortkvist **s**, her likevel rekna som r. 9. Etter det følgjer nedre del av to snitt/stavar (r. 10-11). Ingen av dei er dregne heilt ned til grunnlina for føregåande og etterfølgjande rune. Så, som r. 12, følgjer nedre del av ein stav med kvist frå grunnlina og nesten inn til staven på høgre side. Det kan vera ein **n**, men i høve til den forma **n** har elles i innskrifta, vil det vera avstikkande ettersom kvisten ikkje er dregen så langt ned i dei andre moglege tilfella av **n** her. Sidan kvisten ikkje heilt tangerer staven, kan det vera tale om ein defekt **r**. Det er likevel ikkje merke

etter boge slik innskrifta er bevart, så også den lese måten må verta ståande som svært uviss. Etter denne moglege **r**-runa følger nedre del nedre del av to stavar (r. 13-14). Alternativt kan dette vera stav + boge i same rune. Nest siste rune (r. 15) har bevart (nedre del av) stav og kvist frå toppen av den bevarte delen og ned til høgre. Det er rimeleg å rekna med at staven her har gått høgare, og at dette såleis er restane av **n**. Siste rune (r. 16) har tilsvarende del av staven bevart i sjølve brotkanten og kvist ned til venstre i same høgd som på føregåande rune. Det er her truleg tale om restane av (enkeltsidig) **a**.

l(?) t(?) 1R(?) ? ? ? R(?) l(?) h(?) ? ? R(?) ? ? t(?) 1(?) [---
i(?) n(?) ar(?) ? ? ? r(?) i(?) s(?) ? ? r(?) ? ? n(?) a(?) [---

Som det går fram av det føregåande, er innskrifta så defekt at det vanskeleg kan gjevast sikker lese måte på mestedelen av det som er bevart. Det vil såleis vera svært nær rein gissing å freista sjå etter språkleg meining her. Sekvensen frå r. 1 - 3 + dei tre stavrestane kunne tenkjast å vera ein namn. Siste del av innskrifta kunne kanskje rekonstruerast som *risti rúna(r)*. Det kan her leggjast til at Aslak Liestøl i eit notat frå 1979 har gjort eit emendasjonsframlegg til denne runeinnskrifta (A 186 i Runearkivet). Liestøls rekonstruksjon gir følgjande lesing: **e n t r i þ i r i s t i r u n a**[- (sjå ill. [*Aslaks teikning inn her!*]). Det ville i så fall gi ristarformularen *Eindriði risti rúna[r]*. Men endå om ei slik lesing ikkje er utenkjeleg, er, som det går fram av beskrivinga ovanfor, ikkje grunnlaget godt nok for å sjå innskrifta som sikker del av ein ristarformular. Det språklege innhaldet bør såleis bli ståande ope også i denne innskrifta.